

# Referat

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland(SU NH)

<b>Dato:</b>	Onsdag 19.september 2018 kl 10.00 -13.00
<b>Stad:</b>	Regionrådet Nordhordland, Knarvik
<b>Til stades:</b>	Tord Moltumyr(leiar og kommuneoverlege Meland), Terese Folgerø(kommuneoverlege Lindås), Harald Norheim(brukarutvalet HDS), Peter Kubon(kommuneoverlege Austrheim), Helga Ellingsen(Helse og omsorgsleiar Masfjorden), Ingebjørg Søreide(kommunalsjef omsorg Gulen), Frøydis Gullbrå(kommuneoverlege Modalen), Randi-Luise Møgster(viseadm.dir HB), Grete Herøy(kommunalsjef Radøy), Bente Orlèn Westervik(brukarutvalet HB), Kjerstin Fyllingen(adm.dir HDS), Petter Thornam(fagdirektør HDS), Geir Lien(rådgjevar HB) og Anne Hildegunn Færøy(SSE)
<b>Ikkje møtt:</b>	Eva Karin Skorpen(NSF), Åse Nordstrønen(klinikkdirektør HDS), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Nina Kvamme (sektorleiar Osterøy) og Ernst Horgen(kommuneoverlege Fedje)
<b>Møteleiar:</b>	Tord Moltumyr
<b>Referent:</b>	Anne Hildegunn Færøy

Nr	Saksliste
31/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.
32/18	<b>Godkjenning av referat fra møte i Samarbeidsutvalet 14.mai 2018.</b> Referat gjennomgått og godkjent utan merknader.
33/18	<p><b>Prosjektet Langvarige og koordinerte tenester(LKT)</b> <u>Status og vidare planlegging hausten 2018:</u> Anne Kvalheim, prosjektleiar orienterte om status for prosjektet med feltarbeidet, endringar i godkjent prosjektdirektiv- versjon 1.7 og plan for vidare arbeid for å planlegga av pilotering av rammeverket.</p> <p><u>Planlegging og gjennomføring av pilot; ressursbehov og fordeling av kostnader</u> Samarbeidsutvalet hadde i forkant av møte fått tilsendt saksframlegg med vedlagt grunnlagsdokumentasjon for å handsama sak om ressursbehov i planlegging og gjennomføring av pilot, samt fordeling av kostnader. Auka kostnader med prosjektet er i stor grad knytt til frikjøp av ressurspersonar i pilotkommunar og sjukehus, samt vidareføring av kjerneteamet med prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar. I tillegg er det føreslått at kostnader med ekstern rettleiar og reisekostnader vert fordelt på kommunar og sjukehus. Vidare er det føreslått at alle kostnader vert fordelt mellom 2 sjukehus og 24 kommunar, og at kostnadene som kommunane skal dekkja vert fordelt med slik fordelingsnøkkel; Bergen kommune 50% og 50% vert fordelt på dei andre 23 kommunane etter folketal.</p> <p>Samarbeidsutvalet drøfta saka og viste til at sjølv om ikkje alle kommunane er involvert i piloteringa er resultatet og dette arbeidet viktig for alle, og at det derfor er naturleg at alle kommunane bidrar økonomisk i vidare arbeid med prosjektet. Utvalet kan ikkje vedta at den enkelte kommune skal forplikta seg økonomisk, og ber om at sak om kommunane si medfinansiering i planlegging og gjennomføring av pilot vert handsama i den enkelte kommune når alle samarbeidsutvala har handsama saka. PP vist i møte er lagt ved referat.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til vidareføring av LKT- prosjektet slik det er presentert i prosjektdirektivet versjon 1.7 og at prosjektet knyter til seg ressursar og fordeling av kostnader slik det er presentert i vedlagt saksnotat.</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland slutta seg til at kostnader til planlegging og gjennomføring av pilot vert fordelt mellom alle involverte kommunar og sjukehus slik det er vist i vedlagt oppsett, og at kommunale kostnader vert fordelt slik; 50% Bergen kommune og 50% fordelt etter folketall i dei andre samarbeidskommunane.</p>

34/18	<p><b>Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og TSB</b> Geir Lien, rådgjevar Helse Bergen orienterte om saka og viste til kommuneøkonomiprop 88 S(2017-2018) med «<a href="#">Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter</a>» regjeringa no planlegg for at det frå 2019 vert innført betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling av rusavhengighet (TSB). Det behov for å setja ned ei arbeidsgruppe som utarbeida rutinar for betalingsordninga før sjølve ordninga trer i kraft. Gruppa skal ta utgangspunkt i rutinar for samhandling nedfelt i Tenesteavtale 3 - 5 for psykisk helsevern og rus, samt rutinar for betaling for utskrivingsklare pasientar innan somatikk. Det er eit mål at forslag til rutinar skal leggst fram for handsaming i samarbeidsutvala i desember 2018.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til etablering av ei felles arbeidsgruppe for å få på plass naudsynte rutinar knytt til kommunal betaling for utskrivingsklare innan psykisk helse og rus. Samarbeidsutvalet utpeika Terese Folgerø, kommuneoverlege i Lindås som kommunane i Nordhordland sin representant i arbeidsgruppa.</p>
35/18	<p><b>«Implementering av pakkeforløp psykisk helse og rus – samhandling og koordinering»</b> Randi-Luise Møgster, viseadm.dir HB orienterte om innføring av pakkeforløp innan psykisk helse og rus i Helse Bergen HF. Pakkeforløpa vart landsert 12. september og skal implementeres trinnvis utover hausten. Forløpa byggjer på nasjonale og internasjonale faglege retningslinjer. Målet er å betra behandlingstilbodet innan psykisk helse og rus og redusera variasjonar slik at alle får så god og effektiv behandling som mulig. For å lukkast med dette er det viktig med godt samarbeid mellom helseføretak, kommunale helse- og omsorgstenester, fastlegar og andre tenester og etatar. Lokale brukarorganisasjonar, brukarråd og erfaringskonsulentar blir også viktig i dette arbeidet. Det vart vist til modell for lokal organisering av arbeidet, og at det m.a. er ønska at samarbeidsutvalet utpeikar ein representant som representerer kommunane i Nordhordland inn i lokal styringsgruppe slik det er vist til i vedlagt presentasjon av saka.</p> <p>Kommunar og andre aktuelle partar er invitert til lokal Lanserings- og implementeringskonferanse - 15.oktober 2018 på Scandic Bergen city. Invitasjon til konferansen og PP vist i møte er lagt ved referatet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
36/18	<p><b>Formalisering av punkt i særavtale om læring og meistringsnettverk</b> Særavtale til tenesteavtale 2,6 og 10 «Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørnde i eit lærings- og meistringsnettverk» er signert av kommunar og sjukehus i opptaksområdet. Gjennom avtalen er det avtala at det skal setjast ned ei fast arbeidsgruppe med representantar frå kommunar, sjukehus og brukarar. Gruppa skal m.a. drifta læring og meistringsnettverket, vera kontaktpunkt mellom nettet og samarbeidsutvala, samt medverka, planlegga og evaluera lærings- og meistringstilbod.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland ber Bente Bø Taule, Radøy kommune om å representera kommunane i utvalsområdet inn i arbeidsgruppa for lærings og meistringsnettverket. Oppnemninga gjeld for 2 år.</p>
37/18	<p><b>Møteplassen - fagnettverk innan rehabilitering</b> <i>Møteplassen</i> er eit fagnettverk for informasjon, erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta for koordinerande einingar, fagpersonell, brukarutval, leiarar og andre aktørar som har roller innan habilitering og rehabiliteringsfelt. Nettverket har vore i drift sidan 2009, og har eit arbeidsutval samansett av representantar frå kommunar, helseføretak og brukarutval.</p> <p>Medlemmer av nettverket har fremja ønskje om at <i>Møteplassen</i> vert forankra i samarbeidsstrukturen. Samarbeidssekretariatet(SSE) har vurdert førespurnaden og vil tilrå ei vidareføring av fagnettverket, at det formelt blir ein del av samhandlingsstrukturen og at nettverket vert knytt opp mot tenesteavtale 2 og tenesteavtale 6.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til at fagnettverket <i>Møteplassen</i> og arbeidsutvalet blir vidareført som ein del av samhandlingsstrukturen. Arbeidsutvalet rapporterer minimum årleg til Samarbeidsutvala om aktivitet og utfordringar. Oppnemninga av representant skjer for to (2) år om gongen. Eksisterande arbeidsutval blir gjennom dette vedtaket oppnemnd for 2 år.</p>

38/18	<p><b>Revisjon av nasjonal helse- og sjukehusplan</b> Randi-Luise Møgster gav ei kort orientering om arbeid med revisjon av ny <i>Nasjonal helse og sykehusplan</i>, bakgrunn og mål med arbeidet, prosjektmandat og -organisering, helseføretaka sitt oppdrag i arbeidet og korleis kommunane kan komme med innspel til arbeidet. Helse Bergen vil invitere kommunane til å komme med innspel til planen. <b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
39/18	<p><b>Orienteringar frå Haraldsplass Diakonale sjukehus(HDS)</b> <u>Nye Haraldsplass:</u> Kjerstin Fyllingen, adm.dir HDS orienterte om Nye Haraldsplass. Det nye sjukehuset bli tatt i bruk frå 15.oktober. Dette er eit nytt, moderne bygg med mange einarom, og der kvar etasje er utforma som mindre tun. Ny teknologi som skal støtta opp om god og trygg pasientbehandling, samarbeid og god arbeidsflyt blir tatt i bruk. Samarbeidsutvalet blir invitert til den offisielle opninga av det nye sjukehuset 23.oktober. Eiga invitasjon vert sendt ut.  <u>Utviklingsplan 2018 - 2035:</u> Som eit ledd i arbeidet med Nasjonal helse- og sjukehusplan har HDS utarbeidd ein eigen utviklingsplan for sjukehuset si verksemd fram mot 2035, slik som dei offentlege helseføretaka gjer. Kjerstin Fyllingen og Petter Thornam presenterte hovudtrekka i planen og kva strategiske val som er tatt for perioden 2018 - 2035. Satsingsområda i planen er;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vidareutvikla det akutte indremedisinske tilbodet</li> <li>• halda fram med akuttkirurgi - med spissing av tilbodet</li> <li>• vidareutvikla det kirurgiske og ortopediske tilbodet</li> <li>• halda fram med lindrande behandling i samarbeid med kommunane og Helse Bergen</li> <li>• utvikla det geriatriske tilbodet og saman med samarbeidspartane ha ei tydeleg satsing på den eldre pasienten</li> </ul> <p>Gjennom denne planen vil HDS tydeleggjera eit sterkt fokus på tverrfagleg samarbeid og ei satsing på heilskapleg pasientbehandling. Kommunane sine innspel til planen vil bli vurdert inn i endeleg versjon av utviklingsplanen.  Presentasjon som viser Nye Haraldsplass og punkt i Utviklingsplanen 2018-2035 er lagt ved referat.</p>
40/18	<p><b>Pilot Samhandling</b> Fellesmøte for oppstart av Pilot samhandling vart gjennomført 3.september. Alle samarbeidsutvala var representert på samlinga. Det som var tenkt som eit nytt fellesmøte 19.oktober er no endra til å bli eit møte mellom programkomiteen og KS-konsulent. Målet med dette møte er å få presentert ei oppsummering av intervjurunden som KS - K har hatt med leiarar og SSE, samt resultat av gruppearbeidet på fellesmøte. Programkomiteen ønskjer ha meir styring på prosjektet og vil vurdere vidare prosess med denne piloten skal gjennomførast.</p>
41/18	<p><b>Etablering av FACT-team i Nordhordland</b> Leni Dale, kommunalsjef i Lindås kommune orienterte om planlegging og etablering av tverrfagleg aktivt oppsøkjande behandlingsteam(FACT-team) - eit samarbeidsprosjekt mellom 8 kommunar i Nordhordland og Bjørgvin DPS. Teamet vil vera sett saman av medarbeidarar som er i tilsett i Bjørgvin DPS og Lindås kommune. Lindås kommune er ansvarleg for prosjektet i prosjektperioden, og det er inngått samarbeidsavtalar med samarbeidande kommunar og helseføretak. Etter planen skal FACT-teamet vere i drift frå 01.03.2019. Presentasjon vist i møtet er lagt ved referatet. <b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa</p>
42/18	<p><b>Orientering frå partane</b> <u>Region Nordhordland Helsehus:</u> Rune Heradstveit, dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS orienterte m status for byggeprosjektet. Bygget er på 12 764 m2 BRA, består av 6 etasjer og har 3 485 m2 BRA parkeringskjeller. Dette har vore eit krevjande prosjekt med mellom anna tilpassing til ny områdeplan i Knarvik, grensesnittet til nærområdet med endringar på Kvassnesvegen og E-39, ny rammeplan for vatn og avløp og flytting av Telenormast og basestasjon. Utbyggingsavtalen har vore jobba med lenge og er no godkjent i Lindås kommunestyre. Det er inngått kontrakt med Consto som har totalentreprise på bygget. Vidare framdrift:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Consto startar no med detaljprosjektering og ein overordna framdriftsplan</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Riving av eksisterande bygg på tomte skjer i oktober / november</li> <li>▪ Estimert byggjestart på tomte er ca 1. desember 2018</li> <li>▪ Planlagt at bygget skal stå ferdig i november 2020</li> </ul> <p>Geir Lien peika på at det er viktig å starta dialog og samarbeid om korleis vi skal jobbe saman og for å dra nytte av mulighetene dette bygget gir for samarbeid og utvikling av tenestene.</p> <p><u>Nye Alver kommune:</u> Tord Moltumyr gav ei kort orientering om prosess og arbeid som pågår i samband med samanslåing av kommunane Meland, Radøy og Lindås. Samanslåinga er prosjektorganisert og består av meir enn 100 delprosjekt. Utvalet ønska meir informasjon om dette i desembermøtet og ber om at Ørjan Raknes Forthun, rådmann i Lindås og prosjektleiar vert invitert til møte for meir informasjon om arbeidet.</p>
43/18	<p><b>Referat fra nasjonale og regionale råd og utval</b> Referat frå møte i Nasjonal Legemiddelberedskapskomitè, 05.06.2018 lagt ved i sakslista. Tord Moltumyr viste til utfordringar nasjonalt når det gjeld legemiddelforsyning og ber om at det bør vurderast å ha dette som eiga sak på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Moltumyr oppmoda alle i utvalet til å vurdere om det er referat frå ulike råd og utval som kan vera nyttig og interessant for partane å bli gjort kjent med gjennom dette utvalet.</p>
44/18	<p><b>Eventuelt</b> Anne Hildegunn Færøy orienterte kort om planlegging av Toppleiarmøte 2019 som skal haldast på Os 10.januar 2019, og at det er semje i programkomiteen at Samarbeidsutvala sine medlemmer blir invitert til å delta på Toppleiarmøte.</p>